



Det aktuelle område er vist på denne skissa.

Rådmannen gjekk i mot ein søknad frå Brit Margrethe Dale på Stord om frådeling av ein 180 kvadratmeter stor parsell på Skorpo. Ho ynskjer at eigdommen skal nyttast som tilleggsareal til fritidseigedom. Arealet ligg på nordsida av Skorpo, like ved Mjødnasundet. I forvaltningskomiteen onsdag var berre Frp-representanten øystein Herskedal for å innvilga søknaden.

Dispensasjonssøknaden var grunngeve med at arealet etter muntleg avtale har vore brukt av hennar eigedom i alle år sidan tomte vart frådelt i 1968, mellom anna til tidlegare utedo. Saka kjem opp i forvaltningskomiteen onsdag.

Det aktuelle området er i gjeldande kommunedelplan avsett til LNF-område og heile parsellen ligg innafør 100-metersbeltet frå sjøen. Omlag 70 prosent ligg innafør det som kallast funksjonell strandsone.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det ligg føre særlege grunnar til dispensasjon i denne saka. Det vises til føresegner og retningslinjer til kommunedelplanen at fritidsbygningar ikkje skal oppførast nærare sjø og vassdrag enn 40 meter og at næraste eigedomsgrense ved frådeling ikkje skal vera nærare sjø og vassdrag enn 30 meter slik at ferdsle vert sikra.

Kjøparen eig i dag mellom 30 og 40 meter strandlinje og det tillegg ho ynskjer utgjør deler av ei fin strand. Det er andre fritidsinteresser i området som gjerne kan ha interesser i omsøkt område som natur og friluftsområde. Frådeling av tilleggsareal her vil privatisere deler av stranda. Difor kan ikkje administrasjonen sjå at det er høve til å frådele tilleggsareal.

Av Ola Matti Mathisen